



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
02.03.2018  
Dykkar dato  
14.02.2018

Vår referanse  
2018/2399 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til dispensasjon til bruksendring riving, veg, utsleppsløyve m.m. på gnr. 192 bnr. 5, Hopsdal, Lindås kommune.**

Vi viser til brev frå kommunen datert 14.02.2018.

Saka gjeld søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad, riving av del av låve, tilbygg, etablering av veg, avkøyrsløye og reinseanlegg på eigedom gbnr. 192/5.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Etter det vi kan sjå er det også omsynssone landbruk (Hopsdal – Mundal oL29) og omsynssone friluftsliv (Gladihaug oF7) på området.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilskidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen si vurdering er at vegen opp til den omsøkte bustaden vil splitte opp eit større område med samanhengande overflatedyrka jord. Dette vil føre til at denne slåttemarka vert meir tungdriven. Sjølve vegen vil og omdisponere dyrka jord. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også nyleg skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Det ser også ut til at vegen vil krevje større landskapsinngrep og det vil vere uheldig for kulturlandskapet.

Fylkesmannen si vurdering er at dispensasjon til bruksendring og veg vil vere uheldig for landbruket. Dette er eit område som i tillegg til å ha LNF-formål i kommuneplanen også har omsynssone landbruk. Vi rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak i saka til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*